



OPPLAND BONDELAG



Til

Rovviltnemnda i Oppland, region 3 og Miljøavdelinga hos FM i Oppland

Angående rovviltforvaltninga av bjørn i Oppland etter det nye rovviltforliket på Stortinget

Oppland Bonde- og Småbrukarlag, Oppland Bondelag og Oppland Sau og Geit vil med dette be Rovviltnemnda i Oppland om å få på plass kva det nye rovviltforliket på Stortinget konkret betyr for forvaltninga av bjørn i region 3. Bakgrunnen er sjølvsagt det stadig aukande skadeomfanget bjørnen står for, og at fleire stortingspolitikarar i etterkant av forliket har gått ut og sagt at det nå går mot "tidenes bjørnejakt" i Norge. Vi visar samtidig til førre brev frå oss av 16/6 2011, der vi kravde at nemnda utvida skadefellingskvota på bjørn i Oppland frå 4 til 8 dyr, noko vi nå ser på som eit absolutt krav. Samstundes visar vi til ei setning i brevet der vi oppfordra Rovviltnemnda i Oppland til å få på plass eksakt kor mange streifdyr av bjørn vi maksimalt kan ha, eller om vi i framtida ikkje skal ha streifande hannbjørnar i regionen. Dette er særskilt viktig for at beitenæringa skal vita kva dei går til framover.

Ein særskilt viktig detalj i dette rovviltforliket er at det i følgje fleire stortingsrepresentantar skal gjelda frå vedtaksdatoen 17/6 2011.

Vi vil sitera nokre utdrag av punkta angående bjørn i dette forliket, som er relevant for Oppland, og koma med kommentarar:

"2.2.12 Det skal fortsatt være målsetting om at lisensfelling skal være hovedvirkemiddelet i bestandsreguleringen av bjørn."

Kommentar: Kan vi byrja med ekstraordinær felling av bjørn i Oppland nå eller skal vi venta på lisensjakta? Nemnda må i alle fall snarast få på plass ei stor nok lisensfellingskvote i regionen. Denne kvota må minimum dekkja dagens bjørnebestand i Oppland eller vera ei frikvote.

"2.2.13 Det skal arbeides aktivt med kompetansehevende tiltak for lisensfelling av bjørn, og etableres et godt kurstilbud med sikte på å effektivisere lisensfellingene."

Kommentar: Vi må nå starta for alvor prosessen med å "utdanna" og få på plass bjørnejakthundar. Midlar frå det relaterte prosjektet, som er starta i regionen, må prioriterast til dette.

"2.2.14 Det legges til grunn at virkeliggjøring av bestandsnivå for bjørn ikke vil kreve areal ut over omfanget av dagens yngleområder."

Kommentar: Oppland skal altså ikkje ha yngling av bjørn, spørsmålet er om vi får ei ”hanndyrkvote” ved at setninga ”må tola streifdyr” kan verta ståande ved lag. Vi foreslår at nemnda som eit konfliktdempande og høgst nødvendig tiltak ivrar for at vi ikkje skal ha streifdyr av bjørn i regionen.

”2.2.15 Lisensfellingsperioden for bjørn utvides på en slik måte at fellingsperiodens start endres til 21. august og på den måten samordnes med jaktstart for bjørn i Sverige.”

Kommentar: Sjå under punkt 2.2.12.

”2.2.16 Norge ligger i dag i randsonen for den skandinaviske bjørnestammen, følgelig har vi en skjev kjønnsfordeling i den norske bjørnestammen med vesentlig flere hannbjørner enn binner. Vandrende hannbjørn er ansvarlig for en stor andel av bjørnens skade på beitedyr. Det er viktig å øke forutsigbarheten for beitenæringen.”

Kommentar: Stortinget meiner at vi ikkje lenger skal ha denne uholdbare situasjonen i Oppland, og tiltak mot dette må setjast inn.

”2.2.17 For å øke forutsigbarheten i beitenæringen skal det, utenfor prioriterte yngleområder for bjørn, gis økt adgang til lisensfelling av hannbjørner slik at forekomsten av hannbjørner i prioriterte beiteområder reduseres.”

Kommentar: Lisensfellingskvota på bjørn skal aukast sterkt, og bjørnebestanden i Oppland skal takast ut. Vi må sikkert likevel leva eller slita med at ”nye” streifdyr kjem inn i løpet av beitesesongen.

”2.2.18 Ekstraordinære uttak etter endt lisensfellingsperiode for bjørn, skal kunne tillates i enkelttilfeller hvor det er sannsynliggjort et konkret skadepotensiale på husdyr eller tamrein.”

Kommentar: Viss ikkje lisensjakta lykkast, eller dersom det etter at lisensjakta er slutt vert oppdaga bjørn i Oppland, har Stortinget åpna for jakt på bjørn seinare om hausten eller på vårsnø.

”2.2.19 Det er et felles mål at tapstallene for beitenæringen må ned. Soneinndelingen må forvaltes tydelig. I prioriterte beiteområder skal uttak av dyr som gjør skade på beitedyr gjøres raskt, og i slike områder skal miljøforvaltningen i større grad enn i dag bidra til å effektivisere slikt uttak, uavhengig av om bestandsmålet er nådd. Det skal ikke være rovdyr som representerer et skadepotensial i prioriterte beiteområder for husdyr og kalvingsområde for tamrein.”

Kommentar: Dette er fine ord for oss i Oppland, men den praktiske framgangsmåten manglar sjølvsagt. Etter det vi forstår punktet må miljøforvaltninga i fleire tilfelle nå be Staten om hjelp, for å effektivisera desse uttaka. Det seier seg vel sjølv at dei som er ansvarleg for denne tragiske veksten av ein bestand vi ikkje var tiltenkt, sjølve må retta opp. Ein kan ikkje venta at dei lokale/kommunale jaktlaga kan ta seg fast jobb som bjørnejegerar. Da må Staten ved SNO eller andre ekspertar koma inn og hjelpa med uttaka.

”2.2.20 Snøscooter kan brukes ved skadefelling. Skadefelling bør ikke unødig hindres av geografisk jaktområde og av at tidsrammen ikke gjøres for snever.”

Kommentar: Dette er eit viktig punkt som grip rett inn i dagens praksis i forvaltninga av bjørn. Vi må nå frå dag 1 syta for at skadefellingsløyva vert gjeve i store nok områder og i lange nok tidspunkt. Vi

foreslår at skadefelling på bjørn vert gjeve ved fyrste godkjente kadaver over heile kommunen der skada vert oppdaga og med tilgrensa kommunar der bjørnetrekka går. Skadefellinga må stå ved lag til dyret er felt.

Konklusjon:

Beitenæringa krev at rovviltforvaltninga i Oppland v/nemnda og FM tek innover seg rovviltforliket i Stortinget og straks endrar kursen i forvaltninga i forhold til dette. Vi krev òg at det vert innhenta meir konkrete detaljar angående forvaltninga av bjørn i Oppland som nemnt over.

Til slutt vil vi utfordra rovviltforvaltninga i Oppland til å prøve det nye rovviltforliket ved å gje ut 6 generelle fellingsløyve på bjørn over heile fylket. Dette kan verka drastisk, men vi tør minna om dei fellingsløyva som er gjeve nå og om dei som nettopp er inndrege i tillegg til skader og observasjonar vi har hatt i beitesesongen. Til saman vil dette i det praktiske liv omhandla heile fylket.

Lillehammer/Sel/Sør-Fron 24/6 2011

Oppland Bonde- og Småbrukarlag

Terje Holen/sign

Oppland Bondelag

Trond Ellingsbø/sign

Oppland Sau og Geit

Pål Kjørstad/sign